

# Kvinnherad kommune

## Utstyrspool for frivillige lag og organisasjoner

Ajour pr 1.1.2023

Retningsliner for tinging, prioritering, bruk og betaling av utstyr i Kvinnherad kommune sin utstyrspool.

Kvinnherad kommune sin utstyrspool består av:

### Mobile toalett:

- 20 stk. Festival WC (200 Liter tank)
- 1 stk. . Festival WC (200 Liter tank) HC
- 3 stk. Toalett WC pissoar (150 Liter tank)
- 1 stk. Toalettvogn med 4 kjemikalietoalett og sentral tømmeventil

### Sikringsgjerder:

- Høge (2 x 3,4 m): Fem kassettar à 29 gjerder inkl. klammer og føter
- Låge (1,1 x 2,5 m): 40 stk.

### Leige av utstyr:

Utstyr i poolen kan leigast fortrinnsvis av frivillige lag og organisasjoner tilhørende i Kvinnherad kommune.


Utleige til private og arrangement med vekt på kommersielle aktørar vert vurdert i kvart einskild høve. Dersom det er fleire som ynskjer å leige utstyr i same tidsrom skal det prioriterast i følgjande rekkefølge:

1. Bidragsytarar til festivalpoolen
2. Frivillige lag og organisasjoner
3. Andre aktørar

Elles etter tidspunkt for bestilling.

### Leigeprisar per påbyrja veke:

	Bidragsytarar til festivalpoolen	Frivillige lag og organisasjoner i Kvinnherad	Andre aktørar
Festival WC (200 Liter tank)	Kr 100 per stk.	Kr 200	Kr 1200 per stk.
Toalett WC pissoar (150 Liter tank)	Kr 100 per stk.	Kr 200	Kr 1200 per stk.
Toalettvogn	Kr 400	Kr 800	Kr 4800
Sikringsgjerder høge	Kr 10 per stk.	Kr 20 per stk.	Kr 100 per stk.
Sikringsgjerder låge	Kr 10 per stk.	Kr 20 per stk.	Kr 100 per stk.



## Kvinnherad kommune

Utstyrspool for frivillige lag og organisasjoner

### **Tinging og bruk av utstyr:**

Utstyr frå poolen må tingast minimum 4 veker før arrangementet. Det er utarbeida kontrakt for leidgetilhøvet som skal nyttast.

Leigetakar må sjølv sørge for henting/opplasting og levering av utstyret i avtala tidsrom. Utstyret skal leverast tilbake i den stand som det vart henta. Kommunal representant skjekkar utstyr ved henting og levering. Utstyr som ikkje vert levert i same stand som det vart henta vert ikkje teken imot og leige vil tilkomma leigetakar inntil utstyret vert levert i tilfredstilande stand. Dersom utstyret vert returnert med skader må leigetakar dekke reparasjonen eller innkjøp av tilsvarende utstyr.

### **Toalett:**

Ved leige av toalett skal leigetakar på førehand visa til plan for tøyning og reingjering. Tøyning av toalett skal gjerast etter gjeldande lover og forskrifter. Det bør i hovudsak nyttast kommunalt leidningssystem der det er reinseanlegg, men først etter at leigetakar har gjort avtale med Tekniske tenester i Kvinnherad kommune.

Toaletta bør spylast under tøyning og det er viktig at ein etterfyller med rent vatn og til slutt tøymer tanken heilt. Det skal ikkje vere vatn igjen i tanken etter tøyning. Til slutt må dei vaskast over med såpevatn og klor. Etter vasking skal det tøymast eit par desiliter med sanitetsveske ned i tanken.

Toaletta må stå på jamt underlag, fritt for skarpe steinar. Toaletta må handterast med varsemd under lasting, transport og stropping.

For toalettvogn følgjer det med eigen bruksanvisning.

Dersom toaletta ikkje er vaska ordentleg, vil rekning for vask bli sendt til dei eller den som er ansvarleg for arrangementet.

### **Sikringsgjerder:**

Sikringsgjerda er lagra i kassettar. I hovudsak vert desse leigd ut i heile kassettar.